

# Tok med hesten på flyttelasset

**Ida Sofie Malo valde å ta med seg hesten sin då ho flytta til Volda for å studere.**

**– Volda er ein av få studiestadar der ein kan ta med hest, og det er eit veldig godt og sosialt hestemiljø her.**

Malo har budd i studiebygda med stor A i snart to år, og ho stortrivst.

- Volda er ein såpass liten stad som gjer at det både er trygt, oversikteleg og sentralt, samstundes kjennest det ikkje ut som ei lita bygd. Det er eit godt studiemiljø i Volda, og det er alltid noko å finne på, smiler ho.

## Barnehageutdanninga på topp

Malo flytta frå Molde hausten 2017 for å studere eit år med lokalhistorie. I fjar haust skifta ho studieretning, og er no i full gang med ein bachelor for å verte barnehagelærarar.

**- Kvifor valde du Volda som studiestad?**

- Volda er ein av få studiestadar der ein kan ta med seg hest, så det er eit stort pluss. Elles har eg eitt par syskenbarn som har gått her og som skryt av plassen. Ein annan grunn til at eg flytte hit er at det var mogleg å studere lokal historie ved høgskulen, og eg vurderte på eit tidspunkt å verte lærar – mogleg innanfor historiefaget, fortel Malo.

Året før hadde Malo arbeidd i ein barnehage i Molde.

- Eg merka at eg sakna å arbeide med borna i barnehagen, så då valde eg å skifte studieretning. Dessutan hadde eg hørt at barnehageutdanninga i Volda er blant dei beste i landet.

Dette har ho fått erfare sjølv.

- Dei fleste av forelesarane har arbeidd i barnehage og brenn for arbeidet. Dei er omsorgsfulle og flinke. På Luciadagen, til dømes, fekk vi høre at vi skulle ha gjesteforelesing. Så kom lærarane inn i klasserommet i Lucia-drakter og delte ut lusekattar. Slike ting opplever ein på barnehageutdanninga, smiler Malo.

## Kjekt med hest i Volda

Moldejenta har allereie rukke å ha to praksisar i barnehagar.

- Det har vore veldig spennande og lærerikt. Med ein høgskule i nærleiken, er det mange gode pedagogar ute i barnehagane.

På fritida går det mest i hesten Tina, ein 16 år gammal fjording som no held til i ein stall ved Botnavegen, saman med fleire andre hestar.

- Hesten min køyrdे faktisk ordføraren under opninga av Botnavegen, og det er vel ikkje alle studentar som kan seie dei har gjort! fortel Malo og held fram:

- Her har ho det veldig fint, og det som er så greitt med stallen er at vi byter på føringa. Eg slepp som regel å føre om morgonen før skule, og når eg går i stallen etter skulen møter eg



\* Ida Sofie Malo stortrivst i Volda. – Eg kunne gjerne budd her lenger enn studietida, smiler ho.



\* Ida Sofie Malo tok med seg hesten på flyttelasset.

andre hesteeigarar. Vi vert ofte ståande å skravle i mange timer.

Malo fortel at det er kjekt å ha hest i Volda.

- Det er mange gode turvegar i området, som rundt Rotevatnet, i Høgedalen, på Reset og langs dei mange gangvegane i bygda. Voldingane er flinke til å dele vegen med hest, slik ein slepp og ri i trafikken, og det vert mykje tryggare for alle.

Det er ikkje så mange andre studentar med hest i bygda.

- Andre studentar vert ofte overraska når eg fortel at eg har teke med meg hesten min, men det er ikkje så mykje arbeid berre ein er strukturert. Dessutan er det kjekt! Ein kan sitje å pugge på skulen, ta ei pause for å ri med hesten – og få ein ny giv! Det er vel same effekten som å ta seg ein fjelltur, berre at ein slepp å gå aleine, smiler Malo.

## Godt miljø i Volda

Malo har kome tett på det lokale hestemiljøet.

- Det er eit lite, men godt miljø. Alle kjenner alle, og ein kan dermed hjelpe kvarandre, dra på ridetur i lag eller reise på stemne. Voldingar som driv med hest er veldig opne, trivelege og

lette å verte kjende med. Og dette gjeld generelt for alle andre volingar eg har møtt.

Når Malo ikkje er i stallen, er det plenty med andre ting å finne på i Volda.

- Det går mykje i Rokken og venner. Det vert ein del festing, ler ho.

- Men, eg går også mykje på fjellet. Fleire av vennane mine er aktive i VSI, og dei skryt av tilbodet og friluftsmiljøet i bygda.

**- Kva tips har du til nye studentar?**

- Det kan vere lurt å engasjere seg i frivilligheit, som Rokken eller festivalar. Det er mykje å gjere på og når ein fyrst stiller opp, er ein plutselig med på alt. Det handlar om å tørre å melde seg den første gongen. Ver også aktiv i fadderveka, for då er det lett å verte kjend med klassa og sikre eit godt klassemiljø. Ikke ver redd for å snakke med forelesarane, dei bryr seg og vil gjerne hjelpe, seier Malo og avsluttar med eit ekstra tips til alle austlendingar:

- Kjøp deg ei god regnjakke! Det er fint i Volda, men vi bur trass alt på vestlandet og det er vestlandsvær her.



\* Ida Sofie Malo og hesten Tina (16) fekk æren av å køyre Volda-ordførar Jørgen Amdam til opninga av den nye Botnavegen i Volda, i fjar haust.

EMILIE GJENGEDAL VATNOY